



Lindås kommune, eigedom
Her

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4581 - 15/26857

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

18.08.2015

Mellombels bruksløyve - gbnr 108/283 Lindås - Lindås barneskule, hovudbygg del 3

Tiltakshavar: Lindås kommune, eigedomsavd., 5914 Isdalstø
Ansvarleg søkjar: OG Arkitekter, 5819 Bergen
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 08.05.2012. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Igangkjøring av røyranlegg for radiatorar.
2. Innregulering av ventilasjonsanlegg
3. Forbetring av dørtersklar
4. Utvendig malararbeid
5. Grøntareal er under ferdigstilling

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: «i løpet av kort tid».

Det vert elles vist til søknad motteken 11.08.2015.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Veråsvegen 24
Bygningstiltak:	Ombygging og tilbygg Lindås barneskule
Bygningsnummer:	176238194-2
Bruksareal:	140m ² (tilbygg)

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for ombygging og tilbygg Lindås på barneskule, gnr. 108 bnr. 283 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.09.2015.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fv). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fv. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4581

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2	Pbl §20-1	Gebyr
10.2.8	Mellombels bruksløyve	Kr. 2.900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås kommune, eigedom, Og
Arkitekter as
Og Arkitekter as

Kanalveien 11 5819
Her

BERGEN

